



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Ungdomsrådet	08.04.2024	8/24
Eldrerådet	04.06.2024	9/24
Rådet for personar med funksjonsnedsettingar	10.04.2024	5/24

Plan for friluftsområdet kring Vinjar - orienteringssak

Vedlegg

Dokument i saka

Bakgrunn

Det er utarbeida ein plan for friluftsområdet på Vinjar for å sjå på potensialet for utvikling av uteområdet til rekreasjon, friluftsliv og uteopphald.

Målet er å skape ein plan for heile uteområdet, der dei ulike uteareala blir knytte saman. Området skal bli eit samlingspunkt for bygda og for tilreisande. Det skal vere ein attraktiv stad for fest, leik og rekreasjon. Det skal og vere ein plass for læring og formidling knytt til eksisterande kulturminne på staden, natur og andre tema Vinjesenteret vil formidle.

Dette er eit arbeid som starta opp i 2021 etter ynskje frå det lokale laget Liv i Vinje, Vinjesenteret og kommunen. Utkast til planen vart presenterte på folkemøte på Vinjar i slutten av 2021, der innbyggjarane kunne kome med innspel til korleis dei ynskje at området skulle utviklast. Innspela frå dette er teke med vidare, og det føreligg no ein revidert plan for friluftsområdet på Vinjar.

Det er lagt opp til turløyper, badeplass, naturpark tilrettelagt med forskjellige aktivitetar som kan utfordre store og små.

Planadministrasjonen vil vise fram frilftsplanen i møte. Det er høve for utvala å kome med innspel og tankar.

Rådmannens framlegg til vedtak

Utvala tek friluftsområdet på Vinjar til orientering.

Ungdomsrådet si handsaming av sak 8/2024 i møtet den 08.04.2024

Røysting

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdomsrådet tek friluftsområdet på Vinjar til orientering.

Eldrerådet si handsaming av sak 9/2024 i møtet den 04.06.2024

Røysting

Orienteringa om friluftsområde på Vinjar blei samrøystes tatt til vitande.

Vedtak

Eldrerådet tek orienteringa om friluftsområdet på Vinjar til vitande.

Rådet for personar med funksjonsnedsettingar si handsaming av sak 5/2024 i møtet den 10.04.2024

Røysting

Framlegg frå Endre Kleiv:

Vegar/stiar som skal vere universelt utforma må ha anten veggrusdekke eller asfaltdekke.

Framlegg frå rådet:

Detaljplanlegging av tiltak for universell utforming i landskapsplanen skal innom rådet for uttale.

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Kleivs framlegg blei samrøystes vedteke.

Rådets framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tek friluftsområdet på Vinjar til orientering, med desse merknadane

- Vegar/stiar som skal vere universelt utforma må ha anten veggrusdekke eller asfaltdekke.

- Detaljplanlegging av tiltak for universell utforming i landskapsplanen skal innom rådet for uttale.

Saksframlegg er godkjent av plan- og økonomisjef, Gry Åsne Aksvik 20.03.2024.